

## Husmorlag-kjolen lever framleis!

19.10.2007



Ruth Myklebust med kjolen som mange uskedingar er døypte i. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedalen Husmorlag lever ikkje lenger, men det gjer den praktfulle dåpskjolen som laget hadde og som var eit populært utlånsobjekt i si tid.  
No er Ruth Myklebust eigar og kjolen er finare enn på lenge.**

Seinast sist sommar vart den nemlig restaurert for 500 kroner då den skulle nyttast til dåpen av eit barnebarn i september.

Dermed får historia om dåpskjolar i Uskedalen eit nytt, spanande kapittel.

Den drivvite dåpskjolen med mykje blonder er praktfull, men så vart den da også laga av ei svært profesjonell sydame. Ho heitte Laura Eriksen og var mora til Ruth. Laura var eit ivrig medlem av husmorlaget og oppdraget var å laga ein dåpskjole som kunne nyttast til utlån. Laura reiste til Bergen og kjøpte stoff og blonder. Når kjolen vart sydd veit ikkje Ruth eksakt, men det var for 65-70 år sidan. Kjolen vart i hvert fall nytta i 1958, for då vart den eldste sonen hennar døypt i han.

Seinare var den stadig på rundgang i bygda og utruleg mange uskedingar er døypt i han. Utlåna vart omhyggeleg skreve ned i ein protokoll og det vart betalt for lånet.

Ruth undrar på kor protokollen gjorde av seg – for ho fekk den ikkje då ho fekk dåpskjolen. Hvis protokollen framleis er i live, er den eit sjeldant kulturhistorisk klenodium.

Ruth fekk kjolen utan å betala noko for han. Leiinga i husmorlaget tykte det var naturleg ettersom den var sydd av mora hennar. Og på den måten unngjekk dei at det vart kamp om kjolen. Mange var sikkert interessert i han. Ruth har nytta kjolen under dåpen til fire barn og 11 barnebarn. Men ho har ikkje lånt han ut til andre – heller ikkje innan slekta.

Av Ola Matti Mathisen